



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 14.08.2014  
Vår ref.: 2014/18162-5  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Forslag til reguleringsplan for Bergotunet

Vi viser til brev datert 24.06.2014 om høyring av forslag til detaljregulering for Bergotunet. Hovudføremålet i planen er forretning/kontor/bustad og legge til rette for ei sentrumsutvikling på Vikebø. Føremålet er i hovedsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til erverv. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 19. desember 2013.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internetsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Samferdsel

Løysinga med tilkomst til planområdet og samstundes snuareal for kollektivtransporten, kombinert med busshaldeplassar både nord og sør for snuplassen er ei akseptabel løysing for bussbeteninga i området.

#### Senterutvikling

Det er positivt at kommunen legg til rette for ei kompakt utvikling av Vikebø som tettstad. Kombinasjonen av bustad og forretning er fornuftig for å skape ein god og aktiv tettstad. Det ville likevel vere eit betre grep om torget fikk ein meir sentral plassering og at parkeringsplassane hadde blitt plassert meir i utkanten av senterområdet. Dette kunne og betre samanhengen mellom torg og leike- og utearealet. Dette ville skape eit senterområde som var betre tilpassa gåande.

#### Kulturminne

I samband med gjeldande reguleringsplan gjennomførde Hordland fylkeskommune ei arkeologisk registrering i planområdet. Det var ikkje påvist automatisk freda kulturminne innanfor plangrensene. Hordaland fylkeskommune har heller ikkje kjennskap til andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til reguleringsplanen når det gjelder kulturminne og kulturmiljø.

### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld senterutvikling. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Sakshandsamar:

Hans-Christian Engum, Planseksjonen - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Vigdis Berge, seksjon for kulturminnevern og museum, KULTURAVDELINGA

Nils Egil Grude, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA